

## Vedlegg 1:

### **Konsekvensutgreiing for tiltak i nedslagsfeltet til Flekke og Guddalsvassdraget**

**Plan: Differensiert forvaltningsplan for Flekke- og Guddalsvassdraget**

Kommunane: Fjaler, Hyllestad, Høyanger, Gaular

---

#### **1. Innleiing**

I samband med utarbeiding av Differensiert forvaltningsplan for Flekke- og Guddalsvassdraget er det bestemt at det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing for planområdet etter Plan og Bygningslova § 4-2.

Denne konsekvensutgreiinga byggjer på dei føringane som er lagt inn i plandokumentet. Vurderingane tek utgangspunkt i eksisterande kunnskapsnivå og kjende registreringar.

Dei mest aktuelle elementa knytt til verneområdet pr i dag er registrert i følgjande databasar:

- EDNA: 13 registrerte område av naturverninteresse i Fjaler, 3 i Hyllestad, i i Høyanger og ingen i Gaular (EDNA-registreret).
- FRIDA og Fylkesdelplan for friluftsliv: 6 lokalt viktige og 2 regionalt viktig friluftslivsområde som meir elle mindre dekker mesteparten av nedslagsfeltet.
- Biologisk mangfald: 12 registreingar i Fjaler, 2 i Hyllestad, 1 i Høyanger og ingen i Gaular.
- Artsdatabanken
- INON Inngrepsfrie område
- Askeladden

I tillegg er det utarbeidd eigen forskrifter for:

- Sørebymyrane naturreservat i Fjaler
- Skor naturreservat i Hyllestad

Ei fullstendig oppstilling av EDNA-, Biologisk mangfald- og Askeladdenregistreringane i planområdet er teke med i vedlegg 2 – ROS-analysen. Her er også naturreservata: Sørebymyrane og Skor nemnde.

Desse registreringane er pr i dag vurderte til å vere dei viktigaste enkeltelementa som krev ekstra omsyn i samband med handsaming av saker i planområdet.

#### **2. Utgreiing og vurdering av ulike tiltak i ulike soner med omsyn til verdi, omfang, konsekvens og forvaltningskategori**

I metodikken for å vurdere og analysere såkalla ikkje-prisette konsekvensar er det vektlaagd tre sentrale begrep: Verdi, omfang og konsekvens.

##### a) Verdi.

Med dette meinast ei vurdering av kor verdifullt eit område eller miljø er. For Flekke- og Guddalsvassdraget er dette utgreidd i samband med at vassdraget vart verna. Vurderingane

og konklusjonane er å finne i NOU 1991: 12A Verneplan for vassdrag IV og i St.prp.nr 75 (2003-2004) Supplering av Verneplan for vassdrag. Det er gjeve ei oppsummering av desse i plandokumentet. Det er nytta slik skala for å karakterisere verneverdien:

- Middels
- Stor
- Svært stor.

b) Omfang:

Omfang er ei vurdering av kva ulike tiltak fører til av endringar for dei ulike miljø og graden av den eventuelle endringa. Utgangspunktet for vurderinga er situasjonen slik den er i dag, der ein også har vurdert utviklinga frå vernevedtaket vart fatta og fram til i dag. Omfanget av endringane vert forklart med ein 5-delt skal slik:

- Svært positivt
- Middels positivt
- Litt positivt/ingen/litt negativt
- Middels negativt
- Svært negativt.

c) Konsekvens:

Dette er ei avveging mellom fordelar og ulemper eit konkret tiltak vil føre til i høve til utgangspunktet. Utgangspunktet er definert til tilstanden då vernevedtaket vart fatta. Dette kjem fram ved å sjå miljø/verdien av området i samanheng med omfanget. Konsekvensen kan illustrerast ved ein 9-delt skala slik:

- Svært stor positiv konsekvens      +++++
- Stor positiv konsekvens            +++
- Middels positiv konsekvens        ++
- Liten positiv konsekvens          +
- Ubetydelig konsekvens            0
- Liten negativ konsekvens          -
- Middels negativ konsekvens        --
- Stor negativ konsekvens          ---
- Svært stor negativ konsekvens    ----

d) Forvaltingskategoriar

Det er gjort greie for kva som ligg i kvar av dei 4 forvaltningskategoriane i plandokumentet:

1. Tiltak eller inngrep som normalt kan gjennomførast
2. Tiltak eller inngrep som normalt ikkje er i konflikt med vernegrnlaget, men der søknaden må vurderast opp mot verneverdiane.
3. Tiltak eller inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernegrnlaget og der omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan gjennomførast.
4. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med vernegrnlaget og normalt ikkje kan utførast.

e) Landskapsområde/miljø

I differensierte forvaltningsplanar for verna vassdrag har det vore vanleg å dele område i 3 ulike landskapsområde – soner:

- Sone 1: Område med høg grad av menneskeleg påverknad.
- Sone 2: Område med middels grad av menneskeleg påverknad.
- Sone 3: Område med liten grad av menneskeleg påverknad.

Nærare greie for kva som ligg i soneinndelinga ligg i plandokumentet. I Flekke- og Guddalsvassdraget har vi ikkje område som kjem inn under omgrepet sone 1. Denne sona er difor utelaten her.

f) Generelt om vurderingane

Konsekvensane av dei enkelte tiltak og inngrep vil kunne variere etter omfang, utforming og lokalisering. I dei tilfella der tiltak eller inngrep kjem i konflikt med spesielt registrerte område (jf. registreringane nemnt ovanfor) eller nye opplysningar som kjem fram, krev det særskilde vurderingar i høve til den konkrete situasjonen. I samband med større tiltak der det vert stilt krav om reguleringsplan vert det laga eiga konsekvensutgreiing. Elles ligg det i botn for alle tiltak/inngrep ei vurdering opp mot at folk både skal bu og drive landbruk her.

g) Tiltak og inngrep i vass-systemet

Kvart tiltak og inngrep i vassdraget som er teke med i denne konsekvensutgreiinga er vurderte ut frå dei føringar som er nemde ovanfor og lagde inn i eit slikt skjema som er vist nedanfor.

<b>Tiltak/inngrep</b>				<i>Forvaltingskategori</i>		<i>Merknad</i>
<i>Tema</i>	<i>Verdi</i>	<i>Omfang</i>	<i>Konsekvens</i>	<i>Sone 2</i>	<i>Sone 3</i>	
Geofag						
Botanikk						
Landfauna						
Vassfauna						
Kulturminneverdiar						
Friluftinteresser						
Typevassdrag						
Referansevassdrag						
<b>Samla vurdering</b>				<b>(1-4)</b>	<b>(1-4)</b>	
<b>Merknad:</b>						

## 1. Konklusjon

Konklusjonen etter den samla vurderinga for alle tiltak er så summert opp i tabellen nedanfor: *Tiltak og inngrep i vassystemet*. Denne tabellen er teken inn i plandokumentet under p 3

Tiltak og inngrep i vassystemet:

<b>Type inngrep/tilt.</b>	<b>Soner</b>	
	<b>S 2</b>	<b>S 3</b>
Landbruksveg/bru	2	3
Veg/bru – off. etter pbl.	2	4
Kanalisering	3	4
Bekkelukking, (effektivisere landbruk, motverke erosjon)	3	4
Masseuttak til eige husbehov ovanfor laks- og sjøauførande strekning inntil 25m <sup>3</sup>	1	2
Masseuttak til eige husbehov på laks- og sjøauførande strekning, inntil 10m <sup>3</sup>	2	
Flaum og erosjonssikring	2	3
Vedlikehald av elveforbyggingar	1	2
Oppreinsking av lausmassar i elv	1	3
Utfylling i vassystemet (deponering)	4	4
Tynning/fjerning av kantskog *	3	4
Jordvatning og vassforsyning	1	2
Kabel/installasjonar i vassyst. (varmeveksl..)	2	3

Naust		2	3
Brygge/molo (auka tilgjenge)		2	4
Båtsport/vassport m/motor		3	4
Vassdr. som resepiant: Avløpsrensaneanlegg		3	4
Vassdr. som resepiant: Anna ureining		4	4
Fiskekultiveringstiltak		2	2
Mikro- og minikraftverk opp til 1000 kW		2	3
Fiskeoppdrett: settefisk/matfisk		3	4

\* Vanleg skjøtsel av kantskog er tillate

#### Tiltak og inngrep utanom vasssystemet:

Type inngrep/tilt.	Soner	
	S 2	S 3
Landbruksveg	2	3
Veg – off. etter pbl.	2	3
Nydyrking	2	3
Planering	2	4
Kanalisering	3	4
Flatehogst og treslagskifte	1	1
Bygg og anlegg	2	4
Hytter	2	3
Kraftleidningar mm (i luft)	3	4
Råstoffutvinning (massetak)	2	3